



Fig. 1

Jan Adolph Budde vart fødd i Stavern i 1811 og døydde på Austrått i Sandnes i 1906. Utdanna teolog, men med sterke landbruksfag-lege interesser. Styrar for den første landbrukskulen i Rogaland 1846-1876.

# FRAMSTEG GJENNOM FOLKEOPPLYST

J.A. Budde sin plan for landbruksutdanning er 150 år.

STEIN SÆGROV

På Jæren er Jan Adolph Budde kjend som grunnleggjaren av den første landbrukskulen i fylket - skule Austrått i Sandnes som var i drift frå 1846 til 1876. Før Budde kom til Jæren hadde han i mange år sterk interesse for å modernisera det norske landbruket og engasjert seg i det landbrukspolitiske ordskifte.

Alt i 1839 skreiv Budde eit viktig dokument som i prenta utgåve utgjorde om lag hundre boksider. dreiv på denne tida storgarden Gimle ved Kristiansand som tilhøyrde morsætta hans. Føreordet i dokumentet vart underteikna der 1. mai 1839. Tittelen var heller byråkratisk: "Bemærkninger i Anledning af en Finants-Departementets bevirket Commissions Betænkning, om et Central-Agerdyrkningsseminar. Oprettelse, indsendt til nærværende Storthing."

Av fleire grunnar fortener dette dokumentet å verta henta fram frå gløymsla no, 150 år etter at det vart skrive. For det første vart Budde gjennom dette arbeidet ein rikspolitisk aktør, og han nådde fram med synsmåtane sine.

Dinest syner dette dokumentet at Budde alt lenge før han kom til Jæren hadde tenkt ut den handlingsplanen som han nokre år seinare gav seg i kast med å gjennomføra på Austrått.

Me skal i denne artikkelen først gjera greie for dei overvegingane om trøngen for landbruksutdanning som vart gjorde i Stortinget og i sentralforvaltninga på denne tida, og om Budde si rolle i denne samanhengen. Dinest vil me ta føre oss hovudlinene i Budde sitt «kampskrift» frå 1839. Siktemålet er m.a. å kasta lys over kvifor Budde nådde fram med synsmåtane sine. Me konsentrerer oss

altså om det teoretiske utgangspunktet hans, og for handlingsmodell dette leidde til.

## Landsbruksutdanning i rikspolitikken.

"I 1830-årene og senere drev regjeringen stortingets anmodning undersøkelse og beiningar over omkostningene ved å få i stan høiere landsbrukslæreanstalt, men stortingen planene for dyre og avslog bevilgning til o formål. I stedet tok stortinget i 1842 det skulle bevilge inntil 2400 spd. til drift av landsbruksskoler som igangsattes av kommuner eller vate..."

Sitatet ovanom er henta frå ein artikkel av profesjonell Sigmund Hasund i boka «Landbruksundervisning i Norge gjennom hundre år 1825-1925». I dette

fattande verket på over 400 sider med tallause detaljar om undervisningstiltak innanfor landbrukssektoren, er det nokså uforståelig at forfattaren ikkje har gjeve dei politisk overvegingane om landbruksutdanning på slutten av 1830-talet breiare omtale. Dessutan er det ei misvisande forenkling å framstilla saka som eit spørsmål om kva politikarane den gongen tykte dei hadde råd til eller ikkje.

2. januar 1837 gjorde Stortinget vedtak om å be regjeringa samla opplysningar og leggja fram ei stortingsmelding (eventuelt ein proposisjon) om

- det i nærleiken av Christiania fanst ein tenleg eigedom som kunne stillast til rådvelde for staten til eit «Central-Agderdyrkings-Seminarium»,
- kva for investerings- og driftskostnader som ville knyta seg til eit slikt tiltak,
- i kva grad undervisninga kunne knytast til aktuelle førelesningar ved universitetet, og
- korleis ein slik landbrukskule burde organiserast og kva for undervisningsplan som burde følgjast.

Stortinget definerte altså nokså trонge og konkrete rammer for den planen dei ville ha seg førelagt, og den vidare oppfølginga frå Finansdepartementet si side bar preg av dette. Departementet sakna fullnøyande fagkunnskap og søkte difor hjelp frå Det Kongelige Selskab for Norges Vel. Den meldinga som vart lagd fram 13. mars 1839 bygde i all hovudsak på ei utgreiing frå Norges Vel og ei særskild fråsegn frå Jacob Keyser som var profesor i fysikk og kjemi ved universitetet.

Norges Vel fann å måtta byrja med eit grunnleggjande spørsmål om Stortinget **ikkje** hadde stilt: **Kven** skulle ein slik landbrukskule skipast for? Standpunktet var at det måtte leggjast til rette for "at den kune tjene saavel den mere, som den

mindre dannede Ungdom til Undervisning i Landbruget". Dersom ein del søner av embetsstanden vart dugande jordbrukarar, ville dette kunna auka den allmenne kunnskapen om og interessa for denne næringa. Jamvel om dei vart embetsmenn, ville dei få stor nytte av landbrukskunnskapen ved at det ville gje grunnlag for auka inntekter på embetsgardane. Dessutan ville dette auka verdet av desse statlege eigedomane.

"At Almueklassen ogsaa maatte tilstedes Adgang begrundes deels ved Nødvendigheden af at tilveiebringe duelige Avlskarle, deels med hensyn til Driften af Instituttets Gaard".

Me kan knapt seja at store folkeopplysande vyer avspeglar seg i desse grunngjevingane.

Som følgje av dette doble rekrutteringsmålet såg Norges Vel føre seg to grupper av elevar:

- 1) Elevar som betalte alt sjølve og som skulle stå fritt i kva delar av undervisninga dei ville ta del i.
- 2) Elevar som anten betalte sjølve eller som vart subsidierte av heimstadkommunen, og som hadde plikt til å følgja all praktisk og teoretisk undervisning. Denne siste gruppa skulle vera som tenestefolk å rekna for drifta av gardsbruket ved skulen.

Dinest vart det frå Norges Vel si side gjort detaljerte framlegg om kva for element som burde inngå i den praktiske og teoretiske undervisninga ved skulen. For «den mere dannede ungdom» ville det vera tenleg å følgja ein del naturvitkapelege førelesningar ved universitetet.

Den «tjenestepliktige Classe af Eleverne» var det ikkje aktuelt å senda på førelesningar ved universitetet. Dette ville vera utanfor «disse Elevers Fatteevne».

# Bemærkninger

i Anledning af

en, ved Finants-Departementet bevirket  
Commissons Beteenkning, om et Gen-  
eral-Agerdyrkningsseminariums Oprettelse,  
indført til nærværende Storthing,

af

A d o l p h B u d d e .  
Kandidat i Teatretaten.

C h r i s t i a n i a .

Løft i Johan Dahls Bogtrykkeri,  
af C. H. Schmeling.

1839.

Fig. 2

Faksimile av tittelbladet i det viktige Budde-skriften fra 1839. Det mest lauefallande er mangelen på ein kort og slagferdig titel.

Å senda dei til byen kunne i seg sjølv vera eit problem «fordi den Anledning, de Unge herved erholdt til Bekjentskaber og Smag for Bylivet, kunde lettlig bringe dem på Afveie».

Etter å ha vurdert fleire alternativ tilrådde Norges Vel leige av garden Tonsen til dette føremålet. Investeringskostnadene vart rekna til 4.500 Spd. og årlege driftsutgifter til 2.230 Spd.

Fråsegna frå professor Kayser streka under trøngen for teoretiske kunnskapar dersom jordbruket skulle betrast på ein systematisk måte:

"Imedens den praktiske Agerdyrker kun tilfældigviis kan indføre en Forbedring i sin Syssel, vil den, der med Praxis forbinder grundig Theorie, stedse skride fremad, eftersom de Viden-skaber, paa hvilke Agerdyrkningen beroer, mere og mere udvikles".

Gjennom amtsstyresmaktene i Akershus innhenta departementet nærmere opplysningar om dei vilkåra eigaren av garden Tonsen - futen i Aker og Follo - stilte for å gje ifra seg eigedomen. Amtet meinte at vilkåra alt i alt var rimelege.

Finansdepartementet var likevel i villreie og ville ha meir tid for å sanka ytterlegare opplysningar. Dette var konklusjonen i meldinga til Stortinget.

19. april 1839 vart saka oversend til den aktuelle stortingsnemnda - "Committeeen for Næringsveiene No. 2". Denne nemnda var samd med departementet i at tida ikkje var inne for ei endeleg avgjerd i denne saka. Utgiftene tyktest verta store, og det var ikkje fullnøyande drøfta korleis ein slik skule kunne koma jordbruket i heile landet til nytte. Dette siste var det truleg Budde som hadde fått dei til å tenkja på:

"Hertil kommer, at i de af Candidat A. Budde forfattede Bemærkninger angaande denne Sag, hvoraf 1 Exemplar her vedlægges, er fremført ikke ganske ugrundede Tvivl angaaende Hensigtsmæssigheden af et saadant Central-Ager-dyrknings-Seminariums Oprettelse; derimod foreslaaet Provincial-Seminarier, der endog i Lighed med Omgangsskoler kunde efter nogle Aars For-løb forflyttes fra en Bygd til en anden. - Commiteen finder vel at denne Idee har meget for sig, og antager at ingen væsentlige Fremskridt i Agerdyrkningen over det hele land ville kunne gjøres, uden at Seminarier oprettes i forskjellige Egne..."

Nemnda avviste likevel ikkje tanken om ein sentral landbrukskule. Ein slik kunne i det minste vera nyttig for å skaffa dugande lærarar til skulande ute i distrikta. Ei forhaste avgjerd i denne viktige sakar kunne dei ikkje tilrå. I innstillinga dagsett 29. juni 1839 tilrådde dei følgjeleg at regjeringa skulle leggja fram ei meir utfyllande drøfting av kor tenleg det ville vera å skipa eit sentralt seminar og samstundes mindre seminar ute i distrikta, kvar desse burde skipast, kva dei ville kosta og korleis dei burde organiserast.

Innstillinga vart ikkje vedteken ved hansaminga i Stortinget 7. august 1839. Dokumenta vart berre vedlagde protokollen som det heitte.

Me kan likevel slå fast at Budde hadde gjort inntrykk på stortingsnemnda med si alternative tenking, og kimen var sådd til den handlingsplanen som fekk gjennomslag i Stortinget tri år seinare. 7. september 1842 vedtok Stortinget å løyva 2400 Spd. i årleg driftstilskot til landbrukskular "beliggende i Rigets

forskjellige Stifter" avgrensa slik at kvart "Seminarium" maksimalt skulle kunna motta 600 Spd.

Med dette som bakgrunn skal me sjå nærmere på korleis Budde argumenterte i det viktige dokumentet sitt frå 1839.

### Budde i 1839.

Våren 1839 var J. A. Budde berre 27 1/2 år gammal. Han hadde teologisk embeteksamen, men inga embetsstilling. For dei fleste stortingsmennene må han ha vore heilt ukjend.

Under store delar av oppvoksteren heldt Budde til hjå besteforeldra på morssida på Gimle ved Kristiansand. Det er sannsynleg at den sterke interessa hans for landbruksspørsmål slo rot nettopp her. (Jf. M. A. Grude sin biografiske artikkel om Budde i Halvdan Koht "Vore Høvdinger" 1914, side 113.)

Etter å ha vore teologisk kandidat sommaren 1834 reiste han til Danmark for å setja seg inn i dansk landbruk. Seinare budde han ei tid på faren sin gard, Nes ved Tønsberg. Dette gav han høve til å verta kjend med og følgja delar av undervisninga på den landbrukskulen som Jacob Sverdrup dreiv på Sem frå 1825 til 1837 - den første landbrukskulen i Noreg. Skulen på Sem var først og fremst for elevar av "Bondestanden" med mykje praktisk og avgrensa teoretisk undervisning. I tillegg hadde skulen betalande privatevar av den "Conditionerende classe" som lærde meir teori, men i mindre grad tok del i det praktiske arbeidet. (Jf. Hasund/Nesheim "Landbruksundervisningen i Norge gjennom hundre år 1825-1925, side 25-34 og Valen-Sendstad "Sverdrups landbrukskole på Sem" i årbok for Maihaugen 1964-1968, side 107-112.)

J. A. Budde henta tvillaust mange idear på Sem. Det er mange likskapstrekk mellom dei undervisningsplanane han seinare la opp på Austrått og planen for skulen åt Sverdrup. I dokumentet sitt frå 1839 hadde Budde flere tilvisningar til skulen på Sem.

I 1836-37 var Budde attende på universitetet. Han avla praktisk-teologisk eksamen. Samstundes følgde han ymse förelesningar i naturfag. Dinest gjorde han ei større utanlandsreise til England, Frankrike, Tyskland og Danmark. Opplysningar om og samanlikningar med jorbrukstilhøva i desse landa går ofte att i seinare ytringar frå Budde. Frå 1838 til 1841 forvalta han garden Gimle, samstundes som han utvikla landbrukskunnskapane sine ytterlegare både praktisk og teoretisk.

### Vilkår for nasjonal velstand

I sine "Bemærkninger..." frå 1839 la Budde opp til ei vid, politisk tilnærming til den konkrete saka som han til slutt konkluderte ikring. Kva var det som skapte velstand for ein nasjon, var utgangspunktet for Budde. Det var, hevda han, omfanget og breidda av næringsvegar som gjekk med overskot, og kor lett nye næringsvegar let seg utvikla når andre fall ifrå eller når folkesetnaden vokser.

Eit overflodssamfunn var lite å streva etter. Slikt førte til sløvskap, meinte Budde og syntet til samfunnsutviklinga dei siste hundreåra i dei europeiske nasjonane som la seg til å leve på plyndra gull frå Amerika.

Arbeid var i seg sjølv eit gode. Dersom næringsvegane var i ulage, slik at store grupper av arbeidsføre ikkje kunne oppnå eit leveleg utkome jamvel med stor arbeidsinnsats, kunne ein ikkje

rekna med at folket ville utvikla "Glæde eller Moralitet endsige borgerlige Dyder".

Når det først hadde oppstått eit mistilhøve mellom folkemengda og arbeidsmarknaden - dvs. stor arbeidsløyse - skulle det mykje til å retta opp att situasjonen. Nasjonen kunne verta delt i på den eine sida ein undertrykkjande "Pengeadel" og på den andre sida ein majoritet av fattigfolk som utvikla forakt for samfunnet. Dette var det dystre perspektivet Budde såg føre seg kunne verta utviklinga i Noreg, og han var i stand til å underbyggja det med mange konkrete døme.

Rett nok var både skipsfarten og fiskeria i framgang på denne tida, men mange tradisjonelt stabile næringar hadde gått attende. M. a. gjaldt dette jarn- og trelastek-sporten. Dersom konjunkturane endra seg, kunne situasjonen verta svært vanskeleg, meinte Budde.

Ein relativ nedgang i talet på innngåtte ekteskap var og eit teikn på forarming. Særleg sørgeleg var stoda for husmennene. Når skogbruket gjekk attende, vart det i mange bygder lite arbeid att for desse. Men dette overskotet av arbeidskraft kunne det verta god bruk for, dersom jorbruket vart lagt om frå det tradisjonelle ekstensive til eit moderne intensivt jordbruk.

Særleg viktig ville det vera å auka kornproduksjonen. Redusert import ville gje nasjonaløkonomisk vinning, og rimeleg korn ville vera eit gode for alle grupper i samfunnet. Sjølveigande bønder ville tena meir. Samstundes ville dei ha trong for meir arbeidskraft og dermed kunna tilby fleire husmenn arbeid. Budde såg føre seg ei utvikling frå tradisjonell drift av små husmannsplassar til "vel-staaende og frie Daglønnere".

Ved å kombinera statistiske data for norsk kornproduksjon, kornimport, nydyrkning og demografi

trekte Budde opp urovekkjande framtidsperspektiv. Matforsyninga vart meir og meir avhengig av utlandet. Eit særleg dystert perspektiv kunne trekkjast opp ved å sjå dette frå ein vernebuingssynsstad. Våpen og soldatar ville verta til liten nytte, dersom korkje dei eller folket fekk mat. Me lyt i denne samanhengen hugsa at dette vart skrive berre 25 år etter den engelske skipsblokaden under Napoleonskrigane.

Kort oppsummert kan me seia at Budde sine politiske hovudtesar var arbeid og mat til alle, og redusert import for å halda kapitalen i landet og styrkja vernebuinga.

### **Staten og næringsvegane.**

På 1830-talet var det inga opplagd sak at staten burde engasjera seg i utviklinga av landbruket eller andre næringsgreiner. Tvert om var rådande lære at staten skulle halda seg unna næringslivet. Budde tok til orde for ei oppmjuking av dette prinsippet. Vesle Noreg tåler ikkje "Anvendelse af de, for de større Stater gjeldende Normer i deres hele Udstrækning".

Statleg ikkje-innlanding i næringslivet var ein hovudregel for Budde og. Det nyttar ikkje å få fram nye næringsvegar eller utvida eksisterande "ved kunstige Midler". Staten kunne i visse tilfelle likevel spela ei viktig rolle som katalysator ved å fjerne hindringar for ei gunstig utvikling, meinte Budde.

Den hindringa han hadde i tankane var kunnskapsmangelen hjå bøndene. Staten burde syta for at landbruket fekk "større Intensitet ved alvorlig at sørge saavel for økonomiske som andre Omtanken vækkende Kundskabers Udbredelse".

Indirekte hadde staten alt gripe inn i landbruket ved korntoll som medverka til halda oppe ein viss

innanlands kornproduksjon. Dette var ikkje utan vidare tenleg for andre næringsvegar, og Budde meinte at staten heller burde setja inn ressursar på å fremja landbruket på ein slik måte at det samstundes var til bate for alle andre næringar og grupper i samfunnet.

Mest ideelt ville det vera om private kunne driva landbruksskular for eiga reikning, men i utgangspunktet ville dette vera så usikre føretak at ingen ville gje seg i kast med slikt. Staten, som alt nyttar store ressursar på det allmenne undervisningsstellet, laut få i gang landbruksskular. Det trøng likevel ikkje verta eit varig offentleg tiltak, tvert om burde staten "af alle Kræfter søger at fremkalde det Tidspunkt, da den Private kan gjøre sig en Levevei af denne Underviisning, og da træde tilbage".

### **Jordbrukstilhøva i Norge.**

Fra naturen si side er landet vårt skapt slik at vilkåra for å driva jordbruk vert svært ulike frå landsdel til landsdel. Dette openberre problemet var knapt nemndt i det dokumentet som Finansdepartementet la fram for Stortinget i 1839. Budde derimot gjorde eit stort poeng ut av dette, og han dokumenterte i denne samanhengen imponerande topografiske kunnskaper og innsyn i korleis landbruket varierte frå område til område.

Særleg i detalj gjekk han om dei klimatiske tilhøva. Budde fann det natuleg å dela landet klimamessig i tri hovudområde - 1) det turre og tempererte, 2) det fuktige og tempererte og 3) det kalde. Innanfor kvart av desse hovudområda fanst det ei rad klimatiske variasjonar og overgangsonar, presiserte han.

Det første hovudområdet femna om den sør austlege delen av landet og visse indre bygder på




Fig. 3

Dette heimehuset på landbrukskulen fekk Budde bygd på Austrått kring 1850. Huset står framleis, men er påbygd i høgda. Fotografiet er frå 1893, og den 82 år gamle J.A. Budde sit i ein stol framom døra.

Vestlandet og i Trøndelag. Lite nedbør, mykje leirjord og gode vilkår for korndyrking vart av Budde stilt opp som særkjenne for dette området. Her fanst "kunstige Enge af Timohei og Kløver". Andre næringsvegar i området var skogbruk og sjøfart. Bøndene dreiv handel først og fremst med ved, mjølk, høy, poteter, brennevin og trelast.

Det andre hovudområdet dekte det meste av Vestlandet og kystdistrikta vidare nordover. Særkjenne var her mykje nedbør, mild vinter med lite snø og heller kjølig sommar. Grønår var meir å ottast enn frostår. Skrinn jord med stein var

utbreidd, men store myrområde fanst og. Bratte fjell med elvar og bekkjer opna for kunstig vatning. I dette området måtte tilhøva liggja godt til rette for neper, andre rotfrukter og kål, men slike vokstrar vart i liten grad nytta, konstanterte Budde. Dyrehaldet var i større grad prega av sau og geit enn i andre delar av landet. Sommarbeite fanst i overflod. Det vart handla med fisk, hestar, skinn, ull, vadmål og poteter m.m. Mange dreiv fiske ved sida av landbruket, men denne kombinasjonsdrifta meinte Budde førte til at hugen til landbruk vart mindre enn han burde vera.

Det kalde området var for Budde først og fremst alt som låg meir enn 300 meter over havet, og dette var i røynda det meste av Noreg. Kort vokstertid med fare for frostskader på åkeren vår og haust, innskrenka åkerareal, men store utmarksområde med stølsdrift og etter måten mykje kveg var karakteristisk for det meste av dette området. Budde tenkte seg at ein burde eksperimentera seg fram til betre grasslag, slik at desse områda kunne koncentrera seg meir om kvegavl og heller kjøpa korn frå andre regionar.

På liknande måte gjorde Budde greie for variasjonane i jordsmonnet. Leirjord, sandjord med mykje eller lite stein, myrjord av ulike typar osb. hadde ikkje dei same eigenskapane til åkerbruk, og driftsmåten ville måttå tilpassast dette. Dette er sjølvsagte ting i vår tid, men for embetsmennene i Finansdepartementet i 1830-åra var dette kan henda ikkje openberrt.

Vidare peika Budde på at vilkåra for handel var ulike. Bønder i bynære strok og i kystdistrikta kunne i langt større grad spesialisera seg og skaffa seg andre varer ved sal eller byte.

Andre stader - og særleg for marginale bruk - låg tilhøva til rette for å kombinera jordbruk med fiske eller handverk.

### Lokalkunnskap avgjerande.

Budde sitt poeng med å leggja ut om dei mangslungne tilhøva i Noreg er berrsynt. Rasjonelt jordbruk kravde lokalkunnskap. Følgjeleg ville det ikkje vera råd å plassera ein skule **ein** stad i landet. "Ingen kjender alle de Finesser alle de særegne Mærker og Tegn overalt forskjellige, men hvoraf dog ofte den halve Økonomie er sammensat".

Ein undervisningsplan som skulle gjera fullgjodt greie for jordbruk, driftsmåter, aktuelle omleggingar og betringar i heile landet, ville sprengja alle rimelege tidsrammer. Dessuten ville det stilla elevane overfor eit krav om kunnskapsstileigning langt utover rimelege forventningar, og mykje ville vera kunnskapar som dei seinare aldri fekk bruk for. Elevar opplærde på denne måten ville i si seinare praktiske gjerning få vanskar med å skilja det lokalt aktuelle frå kunnskapar som utelukkande knytte seg til andre delar av landet, meinte Budde.

Kunstig vatning - slik det vart gjort i Nord-Gudbrandsdalen - burde innførast mange andre stader i landet med, men ved Christiania låg tilhøva slett ikkje til rette for å demonstrera korleis dette skulle gjerast. Følgjeleg spurde Budde

"hvorledes skulde da Disciplene lære at kjende den bequemste Maade, de haandværksmæsige Politesser, de utallige Smaahindringer og disses Overvindelse, hvorledes lære det egentlige Snit, hvorledes erfare de Midlers Styrke, der staae til Disposition og i den hele Kalkyle over Landbruget at bringe disse med i Beregningen, hvorledes gjøre Erfaringer om det rette Øieblik naar de skulle foretagets, hvorledes see Følgerne og derefter bedømme Indflydelsen, hvorledes i en Egn, hvor de ikke bruges, lære hvorledes man ved Anleggget benytter Lokalet på den billigste og den for en speciel Lokalitet meest passende Maade, hvorledes kunne anstille Sammenligning mellom flere saadanne Anlæg"?

Momenta og formuleringane kunne variera ein del, men i all hovudsak illustrerer sitatet ovanfor korleis

Budde argumenterte for lokale opplæringstiltak i staden for eitt sentralt som det var gjort framleg om frå Finansdepartementet si side.

Budde såg eit stort potensiale i myrdyrking, men ei myr var ikkje eit eintydig fenomen. Oppskrifta for korleis ein skulle går fram for å drenera og gjera produktive slike jordstykke ville måtta byggja på ein noggrann analyse av dei lokale tilhøva. Sameleis ville det vera med andre typar jord og jordbotn - og med frostproblema, nedbørsmengda, planter- sjukdomane m.m.

Sverdrups landbrukskule på Sem hadde hatt elevar frå mange stader i landet. Ein del av desse hadde reist heim att og take til orde for tiltak som openberrt ikkje eigna seg i deira distrikt. Slik hadde dei gjort seg sjølve til latter og skapt motstand mot framsteg og skulesak. Ein sentralisert landbrukskule ved Christiania kunne lett gje liknande utslag.

Jamvel om Budde i mange samanhengar omtalte den folkelege konservatismen som eit alvorleg hinder for utviklinga av eit rasjonelt landbruk, var han samstundes svært merksam på at bøndene gjennom hundreåra hadde bygd seg opp eit arsenal av lokal-kunnskapar og lokale læresettingar som hadde mykje føre seg, og som følgjeleg burde inngå i den loka landbruksundervisninga. Å samanstilla slike kunnskapar ved undervisning på nasjonalt nivå, ville derimot vera nyttelaust og forkasteleg.

### Kunnskap til bøndene.

Di meir ein studerer formuleringane hjå Budde i 1839, di meir openberrt er det at han var påverka av den danske folkeopplysningsmannen N.F.S. Grundtvig, men berre ein stad finst det ei konkret tilvising til Grundtvig. Såleis seier han om lokale landbruks-

skular at "anlagde omkring i Landet kunde de blive smaae - etter Grundtvig - folkelige Høiskoler".

Uttrykket "folkelig Høiskole" førekjem omatt og omatt i det vesle skriftet "Til Nordmænd om en Norsk Høi-Skole" som Grundtvig gav ut i Christiania i 1837. Det er nærliggjande å tru at Budde hadde lese dette. Grundtvig generaliserte om tilhøva i Norden og sette fram som ei allmenn erkjenning at "det er Oplysning, almindelig Oplysning, der fattes og kunde frelse". Tilsvarende tala Budde om å "koncentrere sine Bestræbelser mod det alminelige Onde, Uvidenheden".

Flest mogeleg må få ta del i "Kulturen", hevda Budde. "Det er alle Samfundslemmernes, - Menneskenes Velvære", som burde ligga staten på hjarta. Eit undervisningssystem som gav utdanning og kunnskap til ei lita gruppe, var ingen tenleg modell for Budde:

"De Ædlere have villet, at Dannelsen gjennom disse Enkelte skulde stige ned i Massen, men disse have beholdt den for sig selv, og glædet sig ved at see foldet under sig, istedet for at hæve det op til sig".

Dei breie lag av folket hadde på denne tida eit heller därleg kunnskapsgrunnlag. Jamvel om bonden hadde lært både å lesa, skriva og rekna, hadde kunnskapen i liten grad vorte hans "Forstands Eiendom", meinte Budde:

"Det er almindeligt at see den Skrivekyndige sitde 1/2 Time paa hver Linie, saa stort Bryderi forvolder det ham at sammensætte sin Tales Lyd af Bogstaver".

I seg sjølv gode opplysningsskrifter ville heller ikkje vera til særleg nytte så lenge bonden ikkje var i "Besiddelse af den Kultur" som skulle til for å omsetja teori til handling.

I land der ein hadde ein sterk godseigarklasse, kunne det nok gje mening å satsa på ei teoretisk landbruksutdanning for dei som skulle ta over store eideomar, men dette var ikkje stoda i Noreg, preserte Budde. Jamvel om slett ikkje alle var sjøleigarar, var det vanlege bønder (med lita utdanning) som i all hovudsak dreiv jordbruk her i landet. Det var denne store gruppa ein laut sikta opplæringstiltaka inn mot for å få økonomiske framsteg i landbruket. Dette var ein hovudtese i Budde sin argumentasjon - kunnskap til bøndene.

Ein vond sirkel av manglande kunnskap, mismot og kjensle av trældom heldt nede arbeidsinnsatsen hjå bøndene og hindra nyterknning og vilje til endring. Mange trøysta seg til "fordærvelige Idretter" som brennevinsdrikking og hestehandel:

"En smuk Hesteskabning er ofte Alt, hvad hans Skjønsands forlanger at eie, indtil han seer en anderledes nuanceret Skjønhed, med hvilken han maa bytte; den drager ham med uimodstaelig Magt og gjør hans sædvanlige Trangbrystighed til Ødselhed".

For Budde gjaldt det om å bryta denne vonde sirkeleen og setja ein god sirkel i staden. Dug gjev dug gjev dug var dei enkle grunnelementa i denne credo frå Budde si side:

"Kyndighet vil ikke alene drive Forkomme ud, men ogsaa vække Lysten, der driver Værket".

### **Landbrukskulen - innhald og organisering.**

Dei premissane som me har gjort greie for i det føregåande, leidde Budde fram til eit eintydig standpunkt om korleis landbruksutdanninga i Noreg burde organiseras. Dei differensierte jordbrukstilhøva, at lokalkunnskap var avgjerande for ein god opplæringsplan, og at dei som dreiv jorda måtte vera målgruppa for tiltaket, førte fram til ein desentralisert handlingsplan. Frå fem til ni skular meinte Budde kunne vera høveleg å byrja med. Både faste skular og skular som flytte til ei anna bygd eller nokre år, var tenkjelege løysningar.

Ei løysning med ein skule i Christiania kunne berre skje på kostnad av utviklinga i resten av landet. Budde ottast m.a. at ein del av dei som eventuelt vart sende på skule i hovedstaden, ikkje ville venda heim att etter å ha fått smaken på bylivet.

"Ligeledes det Exempel, man kunde befrygte mange Hjemvendende vilde give, der, smittede af Hovedstadens Almues Laster, dem de ligesa- lidt ville være modne til å omgaaes, som Undervisningen her, fornemlig vilde frembyde sine Sambygdinger til Betragtning hine Acqvi-sitioner af Reformsyge, Suffisence og maaske endnu en Ting, som volder Uro i Mange Bygder, hvor vore Soldater, efter at have garnisoneret, returnere for at lykkeliggjøre Fædrebygden".

Med den dårlige allmennutdanninga bøndene jamnt over hadde, var Budde si tru på rein teoretisk undervisning avgrensa. For bonden ville teorien "altid ligge ligesom halvt inde i Følelsen". Bonden var praktisk resultatorientert. Dei teoretiske delane av opplæringa laut såleis knytast nært til dei praktiska oppgåvene. Ei

elementær innføring i ymse naturvitenskapar med særleg vekt på kjemi, hørde likevel med.

Sameleis økonomi, bygnings- og maskinlære med tilhøyrande praktiske teikneoppgåver. Det var vintermånadane som skulle nyttast til slikt. I sommarhalvåret skulle det praktiske arbeidet stå i sentrum.

Eit av argumenta for å plassera ein sentral skule i Christiania var at ein der lett kunne henta inn faglærarar til dei ulike undervisningsfaga. Dette ville redusera bindinga mellom teori og praksis, og det ville skapa skiljer mellom ulike teoretiske element-skiljer som dei fleste elevane ikkje kunne forventast å vera i stand til å bryta ned sjølv. Budde sitt alternativ var å knyta mest mogeleg av undervisninga - til ein lærar som følgde elevane tidleg og seint, og som sette alt inn i ein samanheng utan å trengja inn i "Vitenskabens Afkroge". Ein slik lærar ville læra den einskilde eleven å kjenna så godt at undervisninga kunne spesialtilpassast det allmenne kunnskapsnivået vedkomande hadde. Lærarar med slik brei kompetanse skulle det vera mogeleg å skaffa fram, jamvel om dei utvalgte nok burde gjennomgå ei spesialopplæring og sendast på studiereiser i inn- og utland.

### Kvífor Budde fekk gjennomslag.

Budde sitt skrift frå 1839 bar preg av å vera lærdommans tale, men samstundes praktisk drøftande. Det var kunnskapsrikt, analytisk, velformulert og problemorientert. Jamvel om forfattaren var ein ukjend mann på 27 1/2 år, måtte skriftet takast på alvor. Budde argumenterte på mange plan. Han produserte alt i alt eit mykje betre dokument enn den meldinga frå Finansdepartementet som skriftet var

ein kommentar til. Me kan få mistanke om at dei som hadde vore rådgjevarar for departementet i denne saka, hadde alt for dårleg kunnskap om landet i alt sitt mangfold.

Dessuten er det openberrt at ein desentralisert handlingsplan hadde sterke appell til det distriktsvis samansette Stortinget enn ein plan som la opp til at alt skulle skje i hovudstaden.

### Kjelder.

Budde, J.A. "Bemærkninger i Anledning af en, ved Finants Departementet bevirket Commissions Betenkning, om et Central Agerdyrkningsseminariums oprettelse, indsendt til nærværende Storthing". Christiania 1839.

Norsk Biografisk Leksikon, Band II side 324-324 om J.A. Budde. Oslo 1925.

Valen-Sendstad, F. "Sverdrups landbruksskole på Sem". Årbok for Maihaugen 1964-68, side 107-112. Lillehammer 1969.

Hasund, S. og Nesheim, I. "Landbruksundervisningen i Norge gjennom hundre år 1825-1925", side 25-40. Oslo 1926.

Koht, H. "Vore Høvdinger", side 113-116. Artikkel av M.A. Grude om Budde. Trondheim 1914.

Grundtvig, N.F.S. "Til Nordmænd om en Norsk Høi-Skole". Christiania 1837.

Stortingsforhandlingar 1839. Del 7, side 376-401.

Stortingsforhandlingar 1842. Del 8, side 201.

Stortingsforhandlingar 1842. Del 9, side 182-191.